

Hordaland fylkeskommune  
[kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)  
ref. nr. 2014/1442

Knarvik, 26. 09 2014

## Uttale til «Premiss KULTUR». Regional kulturplan 2015 – 2025 – Høyring

Hordaland Fylkeskommune har sendt den regionale kulturplanen Premiss: KULTUR» ut på høyring. Den nye planen omfattar mål, visjon, utvalde utfordringar, innsatsområder og prioriteringar innan desse. I alt ligg det no eit utkast til ein særsmakta omfattande og ambisiøs plan for fylket vårt innan det breie kulturomgrepet. Det er positivt at Hordaland Fylkeskommune ønskjer å vere ein tydeleg samarbeidspart for kommunane i arbeidet med å utvikle sterke, samfunnsorienterte og særegne lokalsamfunn. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ønskjer å støtte opp om det viktige og gode arbeidet som kommunane i regionen gjer på kulturfeltet og vår uttale er basert på dei felles utfordringar kommunane har. Dei ulike kommunane i Nordhordland sender eigne uttaler til planen.

Nordhordland Kulturforum, som er ein felles møteplass for leiarane i kulturadministrasjonen i kommunane, hadde den regionale kulturplanen til drøfting på eit møte i august i år. Dei peika på tre viktige, felles utfordringar i regionen:

1. Magasin i Nordhordland
2. Kulturarena i Nordhordland
3. Regional støtte til aktivitet / prosjekt i Nordhordland gjennom ulike tilskottsordningar

### *Innsatsområde «Dokumentasjon» og «Museumsløft»*

#### *Magasin i Nordhordland*

Museums- og kulturvernfeltet er i Nordhordland i hovudsak drifta av frivillig sektor. Dei frivillige er ein stor ressurs og legg ned mykje arbeid m.a. i kulturminnevern og innsamling, men mangl på faste driftsstrukturar fører til dårlig kontinuitet og vanskar med å legge til rette for t.d. faste tilbod til skular eller reiseliv. Det er eit stort behov for magasin i regionen for å sikre innsamla materiell og bygningars framtid. Dette bør omfatte at

Fellestenestene ved MuHo vert tilgjengelege for kommunale og private samlingar i Nordhordland, og ein må arbeida for å realisere eit (eller fleire) felles regionale magasin. Ein vonar at det på sikt kan bli realisert eit museum i regionen som har fokus på Strilekulturen, som er ei viktig identitetsfaktor for lokalsamfunna. Det er og trøng for kompetanse – kva skal vi ta vare på og korleis skal dette skje? Museumssenteret i Salhus har no starta opp eit prosjekt i Nordhordland som skal gje noko svar på desse spørsmåla. Det er avgjerande for regionen at dette arbeidet ikkje stoppar opp før vi er heilt i mål. Vi må ha ein god oversikt over behovet og på den måten sikre oss magasin som er tenlege og store nok også i eit framtidsperspektiv.

#### *Innsatsområde «Arenautvikling»*

##### Kulturarena i Nordhordland

Det er bra at kulturplanen peiker på at vi skal ha «god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle...» Vi har ikkje gode arenaer i Nordhordland for formidling av vår felles kulturarv, som strilekulturen, og formidling av ulik scenekunst, konserter, teater mm. Slike arenaer er ein føresetnad for dei fleste delar av kulturlivet. Utvikling av dette skapar grunnlag for aktiviteter, deltaking og oppleveling. Dei ulike kommunane arbeidar aktivt, ut frå behov og samlingar ein har, med å få på plass arenaer for eksponering og formidling og vi ser fram til eit tettare samarbeid med Hordaland Fylkeskommune for å få dette på plass.

Vi vil og i denne høyringsuttalen peike på at Regionrådet for Nordhordland har på sist møte sendt over ei sak til Kulturutvalet om å sjå på behovet for å lage ein interkommunal plan for idrettsanlegg. Dette gjeld for den type anlegg det kan vere aktuelt å sjå over kommunegrensene for som t.d. skytebane, motocross, flyanlegg m.v.

#### *Innsatsområde «Amatørkultur» og andre*

I kommunane i Nordhordland er det frivillige – lag, organisasjonar og enkeltpersonar - som står for ein stor del av kulturtildelotet rundt omkring i lokalsamfunna. Kommunane støttar opp det frivillige arbeidet med tilskott, hjelp, koordinering og kunnskap. Her ser vi på Hordaland Fylkeskommune som ein god og viktig støttespelar gjennom ulike tilskottsordningar. Det er viktig at også dei små bygdene ser igjen satsing til fylket om å bli ein leiande europeisk kulturregion og at dei ser at dei kan vere med å byggje opp under den visjonen.

*Innatsområde Verdsarv*

Nordhordland Biosfæreområde

Nordhordland har sett i gong eit nybrotsarbeid om å få UNESCO-status som det første Biosfæreområdet i Norge. Medan ein verdsarvstad skal vere ein **unik** stad og ta vare på og utvikle noko som er verneverdig i internasjonal målestokk skal eit Biosfæreområde vere eit **representativt** område som kan tene som eit modellområde for berekraftig utvikling.

Regionen vår har utvikla seg til ein viktig region på Vestlandet som har teke i bruk Norge sine viktigaste ressursar; høge natur- og kulturverdiar, vatn, fiske og olje. I eit biosfæreområde står forsking og internasjonal utveksling særslig sentralt og vi har innleia eit viktig samarbeid med Universitetet i Bergen. UiB Har no søkt om å opprette eit UNESCO-professorat med ein stab rundt seg, som skal ha fokus på forsking i biosfæreområdet.

Det er særslig mange likskaper mellom desse to programma til UNESCO og vi ser for oss at her kan vi dra synergier frå kvarandre. Nordhordland ønskjer difor å vere ein god samarbeidspart under dette innatsområdet.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kari Evensen Natland

Kari Evensen Natland

Næringskonsulent

Nordhordland Utviklingsselskap IKS